



ALVER
KOMMUNE

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3396 - 20/76983

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2020

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 137/150 Alver

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 137/150
Tiltakshavar: Lars Torgeir Henanger
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 01.12.2020.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Utvalet for areal, plan og miljø i møte den 20.01.2020. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i utvalet for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø i sak 150/20, datert 11.11.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje [td. uoppretteleg skade eller tap for partane].

Vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad. Det er ikkje søkt om igangsettingsløyve pr. dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om igangsetting (IG) før klagen på vedtaket dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gjeve igangsettingsløyve på feil grunnlag slik at dette vedtaket også må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Tone Furustøl

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS
Arkoconsult AS
Lars Torgeir Henanger
Siv Henanger

Postboks 103
Postboks 103
Våganeset 36 A
Våganeset 36 A

5291	VALESTRANDSFOSSEN
5291	VALESTRANDSFOSSEN
5106	ØVRE ERVIK
5106	ØVRE ERVIK

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863	LEIKANGER
------	-----------